

MØTEBOK

HALLINGTINGET

TID: 2-3.april 2008
STAD: Golsfjellet, Guriset Høyfjellshotell



**REGIONRÅDET
FOR HALLINGDAL**

Desse møtte på Hallingtinget :

Erik Kaupang, Hol kommune	Oddvar Grøthe, Hemsedal kommune
Halvard Lilleslett, Hol kommune	Odd Holde, Hemsedal kommune (sak 1 -3)
Maria Søndrål Wick, Hol kommune	Tove Eggen Lien, Hemsedal kommune
Tony Arild Kjøl, Hol kommune	Ernst Tore Eggen, Hemsedal kommune
Torleif Dalseide, Ål kommune	Gerd Eli Berge, Nes kommune
Ivar Brevik, Ål kommune	Eva Bjørg Haugen, Nes kommune
Harald Varlid, Ål kommune	Ingunn Fagermoen, Nes kommune
Torhild Helling Bergaplass, Ål kommune	Bjørn Skjelseth, Nes kommune
Olaug Grønseth Granli, Gol kommune	Tor Egil Buøen, Flå kommune
Kåre Olav Solhjell, Gol kommune	Ole Johnny Stavn, Flå kommune
Halvor Lilleslett, Gol kommune	Magne Østdahl, Flå kommune
Tore Dag Skjerdal, Gol kommune (2.april)	Torkild Raaen, Flå kommune
Rolf Dencker, Gol kommune	Trond Sørum, Flå kommune

Av rådmennene møtte: Lars Ole Skogen, Hol kommune (2.april), Trond Kleppen, Ål kommune, Hege Mørk, Gol kommune.

Knut Arne Gurigard møtte som dagleg leiar.
Frå Buskerud fylkeskommune møtte regionkontakt Terje Moen.

Rådsordfører Oddvar Grøthe opna Hallingtinget og heldt ei kort orientering om formålet med samlinga, som hadde to hovudtema, samferdsel og rekruttering.

SAK 01/08 REKNESKAP 2007

Vedtak

Hallingtinget godkjenner rekneskapet til Regionrådet for Hallingdal for 2007 med revisoruttale, og at overskotet på kr. 195 047,13 blir avsett til disposisjonsfond.
Dagleg leiar legg fram for Regionrådet, avklaringar på spørsmål stilt i Hallingtinget.

SAK 02/07 ÅRSMELDING 2007

Vedtak

Hallingtinget godkjenner årsmeldinga for 2007.

SAK 03/08 NASJONAL TRANSPORTPLAN 2010 – 2019, UTTALE

Vedtak

Forslag til uttale til Nasjonal Transportplan 2010 – 2019 har vore handsama i kommunestyre/formannskap i alle dei 6 kommunane i Hallingdal.

Med bakgrunn i innkomne merknader/ forslag handsama Hallingtinget saka i møte 2–3. april 2008.

På vegne av dei 6 kommunane i Hallingdal gjev Hallingtinget her ei samrøystes uttale til Nasjonal Transportplan 2010 – 2019:

1. Hallingtinget krev 50 % auka investeringsnivå for veg og jernbane. I tillegg må det til ei kraftig auke av vedlikehaldet.

***Fordi:** Det vil ikkje vera mogeleg å nå vedtekne nasjonale mål med dei økonomiske rammer som er gjeve som grunnlag for NTP 2010-2019 og dei virkemidlar som er foreslått tatt i bruk.*

Norge har havna håplaust på etterskot både i forhold til vedlikehald og investeringar, både når det gjeld veg og jernbane.

Transportetatane sine stamnettutgreiingar syner eit utbyggingsbehov på i størrelsesorden 400 mrd. kr. Med dei økonomisk ramme som er satt og med maksimal utnytting av bompengepotensialet, vil det ta om lag 60 år å oppnå den standarden som er sett for stamvegane. Dette er forhold som ikkje kan akseptierast.

Det kan det med god grunn stillast spørsmål ved den "Norske modellen" for vedlikehald og utbygging av vår samferdselsinfrastruktur.

2. Sokna – Ørgenvika er det vegprosjektet som har høgast prioritet i Hallingdal, og er eit av dei viktigaste tiltaka for aust-vest sambanda.

Prosjektet har hatt ein svært lang planleggingsfase der det no må vera eit mål å få prosjektet realisert i fyrste del av planperioden, slik som Stortinget signaliserte i samband med NTP 2006-2015.

3. Hallingtinget er glade for at det er teke konsekvensar av at Hallingdal er ein av dei viktigaste transportkorridorane mellom aust og vest, ved at Rv7/Rv52 fekk stamvegstatus frå 1.1.2004.

Det er positivt at det i fyrste fireårsperioden er prioritert fullføring av den vedtekne omlegginga av Rv. 7 på strekninga Ramsrud–Kjelsbergsvingene.

4. Bergensbanen må rustast opp til ein moderne og effektiv bane med vesentleg reduksjon i reisetida. Ringeriksbanen som vart vedteke på Stortinget 18. juni 1992 må realiserast så tidleg som mogleg i planperioden.

Hallingtinget støttar ei etappevis utbygging av Bergensbanen, til ein eventuell framtidig høgfartsbane.

5. Auka kapasitet og rask framføring av gods på Bergensbanen er eit godt miljøtiltak. Det er og eit svært viktig trafikktryggleikstiltak for vegtrafikken å leggje til rette for flytting av gods frå veg til bane.

Hallingtinget ser det som særskilt viktig at tiltak for å auke kapasiteten med mellom anna bygging av nye kryssingsspor blir gjennomført i fyrste del av perioden.

6. Hallingtinget støttar utbygging av E16 Sandvika –Skaret til firefelts veg og ei vidare utbygging av E16 til Hønefoss.

7. Hallingtinget krev at vedlikehaldet på dei fleste vegane gjennom Hallingdal må styrkast vesentleg.

***Fordi:** Vedlikehaldet har gjennom fleire år vorte sterkt nedprioritert som følge av for låge rammer. Dette har ført til ein vegstandard som både er ein risiko i forhold til trafikktryggleik, ein belastning i samband med sjuketransport og slitasje som fører til meirkostnader utover ordinært vedlikehald. Rv7 er i ein svært dårleg forfatning og krev heilt spesiell merksemd.*

Rv7 og Rv52er ikkje er dimensjonert for den trafikkbelastninga som er, dette gjeld også oppbygging av vegen. Ut frå dei vurderingar som er gjort av Rv7/Rv52, med bakgrunn i Statens vegvesen sine eigne kriteria for klassifisering av vegnettet, er heile 61% klassifisert som N-strekningar.

***N-strekningar:** Strekningar som ikkje tilfredsstillar ein akseptabel minstestandard.*

På mykje av desse vegane trengs meir enn asfaltering og ordinert vedlikehald, på mange plassar må det til oppbygging av ein ny veg.

8. Rv52 går gjennom dei 3 tettstadane i Hemsedal. Kombinasjon av ein stadig aukande turistradikk og sterk auke i tungtrafikken må følgjast opp både i forhold til drift- og vedlikehald og naudsynte investeringar, ikkje minst i forhold til trafikktryggleik.

9. Hallingtinget vil på det sterkaste presisera at både Rv 7 og Rv 50 som er viktige ferdselsårar aust – vest skal vera prioriterte som fullverdige vinterbrøyta vegar.

10. I samband med omklassifisering av vegar må Rv7 over Hardangervidda oppgraderast til ein interregional veg.

11. Ulykkestala syner at Rv7 og Rv52 er svært ulykkesbelasta. Etter Hallingtinget sitt syn er det ein heilt uakseptabel situasjon både i forhold til dei faktiske forholda og nasjonale målsettingar i forhold til trafikktryggleik.

Årsakene til dei mange ulykkene kan vera mange, men Hallingtinget krev at nødvendige tiltak no blir sett i verk. Hallingtinget ser det som uheldig at gangvegar langs riksvegen ikkje lenger har prioritet i planen. Hallingtinget gjer merksam på at det langs riksvegen er fleire smale bruer som både vert flaskehalsar og til tider skaper særers farlege trafikkale forhold.

12. Hallingtinget ber om at det blir sett i gang arbeid med tanke på prosjektfinansiering Ørgenvika – Gol

***Fordi:** Dette er ein strekning som vil passe godt til prosjektfinansiering, ut frå dei kriteria som er skissert i forslag til NTP. Gjennom arbeidet med stamvegutgreiingane er det m.a. dokumentert at dette er av strekninga mellom Hønefoss og Gol som er mest ulykkesutsette, og møteulykker er den alvorligaste ulykkestypen. Møteulykkene skjer der vegen har dårleg geometri og manglar forbikøringsstrekningar, og over halvparten av møteulykkene skjer i helgene når trafikken er størst. Utforkøringsutlykker er den nest alvorlegaste ulykkestypa og skjer på strekningar med dårleg geometri.*

13. For Hallingdal vil Gardermoen vera den viktigaste flyplassen og det er derfor avgjerande å korte ned reisetida så mykje som mogeleg. Dette gjeld både i forhold til bruk av bil og tog.

God kommunikasjon der reisetid og reisekomfort står sentralt er heilt avgjerande for å oppretthalde og vidareutvikle reiselivsnæringa i regionen.

14. Det er ikkje akseptabelt at Staten legg opp til overføring av øvrige riksvegar til regionane, utan at dette blir kompensert med standardheving på det same vegnettet.

***Fordi:** Det vil vera heilt nødvendig at regionane sin økonomi blir styrka på ein slik måte at ei overtaking av dei øvrige riksvegane er forsvarleg. Noverande forslag i NTP er langt frå tilfredsstillande for ei regionalisering av det øvrige riksvegnettet.*

Regionrådet for Hallingdal ser med uro på at det innan gjeldande planramme ikkje vil bli midlar til øvrige riksvegar utanom bundne prosjekt, der Drammenspakka tek brorparten. Total mangel på utvikling av infrastruktur i store delar av fylket over ein tidsperiode på 30 år vil vera svært alvorleg. Både i forhold til næringsutvikling og trafikktryggleik er dette alarmerande. Det kan ikkje akseptast ei vidare utviding av dei økonomiske rammene til Vegpakke Drammen, som fører til ytterlegare forskyving av planlagde investeringar i resten av fylket. Det må arbeidast for auka rammer til Buskerud, samstundes som det må vurderast om det er ei rett prioritering å berre konsentrere investeringar for "øvrige riksvegar" innan vegsektoren, til Vegpakke Drammen.

SAK 04-08 REKRUTTERING

Tilflytting til Hallingdal og rekruttering er prioriterte tiltak i Strategisk plan for Hallingdal. På Hallingtinget var dette eit hovudtema, der det m.a var innlegg frå:

- Gert Rietman frå det nederlandske rekrutteringsselskapet Placement utvikling AS
- Knut Oscar Flæten, Sparebank1 Hallingdal
- Knut Vareide, Telemarksforskning.

Innlegg til Gert Rietman og Knut Oscar Flæten er lagt ved. Rapport Næringsanalyse Hallingdal, utarbeida av Knut Vareide, er lagt ut på Regionrådet si nettside, under statstikkar.

Samanstilling av gruppearbeid er lagt ved møtebok.

Vedtak

Med bakgrunn i innlegg og drøftingar skal det lagast sak til fyrstkomande regionrådsmøte, med vurdering av eit regionalt rekrutteringsprosjekt, basert på Placement sin modell.

SAK 05-08 EVENTUELT

Eldgrim Springgard som prosjektleiar i Hallingkost orienterte om status og vidareutvikling av Hallingkost, som ein regional utviklingsaktør. Presentasjon er lagt ved møteboka.

Ål 9.4.2008

Knut Arne Gurigard
Dagleg leiar

Vedlegg:

- Samanstilling av gruppearbeid, sak 04-08
- Presentasjon sak 04-08, Gert Rietman
- Presentasjon sak 04-08, Knut Oscar Flæten
- Presentasjon sak 04-08, Knut Vareide
- Presentasjon sak 05-08, Eldgrim Springgard